



Strykeorkesteret imponerte i ein flott avslutningssekvens!

**Kulturskulen er inne i ein travel periode med avslutningskonsertar for dette skuleåret. Sist torsdag var det konsert i Uskedalen med mange flinke born, og i kveld var Rosendal samfunnshus arena for mange flinke kulturskuleborn. Det var også eit solid innslag av uskedelingar blant aktørane.**

Slike konsertar er viktige av fleire grunnar. Musikanane får trening i å opptre og visa kva dei har lært. Dette er motiverande. Publikum får flotte opplevingar og kan glede seg over det dei flinke borna presenterer. Dessutan er det ei flott marknadsføring og opplysning om det gode tilbodet som kulturskulen er. Alt dette vart oppfylt til fulle i Rosendal samfunnshus i kveld!



Karsten H. Bjørnebøle og Jonathan Taranger i godt gitarnummer saman med læraren sin.

Konserten varte vel 1 time og 40 minutt. Det vart framført tett på 30 nummer av om lag 20 solistar og grupper. Og eg kjeda meg ikkje eitt sekund, men storkosa meg frå første til siste tone. Det er eg sikker på resten av publikum gjorde også!!

I konserten fekk vi oppleve mange ulike musikksgjangrar presentert på ulike instrument med fin veksling mellom samspelgrupper og solistar. I tillegg fekk vi flotte songinnslag og to trivlege dansenummer av unge dansarar. Variasjonen var god, og i tillegg er eg imponert over kvaliteten. Avviklinga gjekk raskt og profesjonelt, og ingen gjekk i den klassiske fella og hadde for lange innslag. Dette var gøy! Både elevar og lærarar har gjort ein kjempejobb!



Allsidige Torbjørn Haugland kunne også traktera flygelet!

Det var bra med publikum i samfunnshussalen, men det kunne godt ha vore meir. Storparten av publikum var

nok foreldre, søsken og besteforeldre. Derfor ser eg grunn til å nemna at desse konsertane er opne konsertar for alle som ønskjer det. Eg anbefaler folk å nytta sjansen ved neste høve. Eg garanterer ei god oppleving. Alle borna som var med på konserten må vera stolte av det dei gjorde. Uskedalen.no nemner likevel dei uskedelingane som var med. Det var: Karsten H. Bjørnebøle, Sondre Klyve, Jaran J. Eide, Jonathan Taranger, Simon Taranger, Johannes Taranger, Anine Enes(alle gitar), Kaylah Stensletten(danseleik), Torbjørn Haugland(piano), Niels Rainer Vågen(euphonium), Anna Elisabeth Eik, Joa S. Kroka, Ariana Rørvik, Nikolai Vågen(alle fiolin) og Deimante Zemaitaityte(cello). Blant lærarane var Uskedalen representert ved Gjermund Fredheim.



Dyktige gitaristar!

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland